
Saknr: 2020/49379-1
Saksbehandlar: Ronny Skaar, Elin Molven
Wilhelmsen

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		19.05.2020
Fylkesutvalet		28.05.2020
Fylkestinget		09.06.2020

Det Vestnorske Teateret LL. Lånegaranti til nybygg

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune garanterer med sjølvskuldarnarkausjon for lån som Det Vestnorske Teateret LL tek opp til nybygg, i samsvar med søknad dagsett 29. april 2020.
2. Garantien gjeld for hovudstol på inntil 70 mill. kr, med tillegg av 10 % av gjeldande hovedstol til dekning av påløpte renter og kostnader. Det maksimale garantibeløpet, 77 mill. kr, vert redusert i takt med nedbetaling av lånet.
3. Garantien gjeld frå vedtakstidspunktet og ut år 2042.
4. Vedtaket må godkjennast av Kommunal- og moderniseringsdepartementet etter kommunelova § 14-19.

Samandrag

Det Vestnorske Teateret LL (tidlegare Hordaland Teater LL) har gjennom fleire år jobba målretta for å etablere seg i Bergen sentrum. Teateret har gjort fleire ulike utgreiingar kring flytting, der dei har sikre seg Logen og utgreia spørsmål om tilpassing og finansiering. Det har også vore ein fylkeskommunal politisk prosess over fleire år, der dei politiske vedtaka og økonomiske tildelingane har støtta både utgreiing av flytting og utvida satsing.

Det Vestnorske Teateret LL søker Vestland fylkeskommune om lånegaranti til nybygg på 70 millionar kroner. Prosjektet skal etter planen ferdigstillast hausten 2022. Nedbetalingstida på lånet er sett til 20 år, og skal difor vera nedbetalt i løpet av 2042.

Revisjonsfirmaet Deloitte AS har kome med si juridiske vurdering av ein fylkeskommunal lånegaranti. Den juridiske vurdering frå Deloitte AS, Det Vestnorske Teateret sin søknad om lånegaranti til nybygg, samt teikning av fasade og situasjonsplan er lagt som vedlegg til saka.

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Søknad frå Det Vestnorske Teateret LL - Lånegaranti til nybygg
- 2 Deloitte - Vedrørande lånegaranti hjå VLFK
- 3 Fasade studie - Nybygg
- 4 Nybygg - Situasjonsplan

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Det Vestnorske Teateret sitt arbeid med flytting til sentrum

Det Vestnorske Teateret LL har gjennom fleire år jobba målretta for å etablere seg i Bergen sentrum. Teateret har gjort fleire ulike utgreiingar kring flytting, der dei har sikre seg Logen og utgreia spørsmål om tilpassing og finansiering.

Lokalisering i Logen plasserer teateret i sentrum av «kulturaksen». Dette inneberer ei markant vitalisering av teateret og dei kulturpolitiske målsettingane som ligg til grunn. I tillegg kjem ein sterk framtidsretta manifestasjon av grunnleggande og viktige kulturpolitiske målsettingane for teateret, med eit særleg ansvar for å skape framsyningar for barn og unge, framføringar på nynorsk og dialekt og arbeidet med å få fram ny norsk dramatikkk.

Det var forventa at ein fast spelestad i sentrum kom til å synleggjere og profilere teateret på ein betre måte enn før. Det var også forventa ei publikumsauke og optimalisering av driftsmidlar, samt ein auke i kapasitet.

Det Vestnorske Teateret vedtok i sin plan av 15. desember 2011, at dei ønskte å flytte heile si verksemd frå Stend til Bergen sentrum, og det vart også utarbeidd eit notat frå Hordaland Teater - «Ny base for Hordaland teater i Bergen sentrum». I dette notatet vart det kort gjort greie for teateret si historie, dei ulike ulempene ved plasseringa på Stend, og korleis ei flytting av teateret òg er i tråd med dei moglegheitene teateret kan få i framtida.

I 2018 gjennomførte dei flyttinga til Logen Teater i Bergen sentrum, som dei no leiger lokale i. Flyttinga har vore essensielt for vidare utvikling av teateret. Leigeavtalen skal gjelde i 20 år rekna frå 1. juli 2018, med opsjon til forlenging av leigetida med 10 år.

Den 29.04.2020 fekk Vestland fylkeskommune inn ein søknad frå Det Vestnorske Teateret LL om lånegaranti på 70 millionar kroner til nybygg. Dei oppgjer i søknaden om ei nedbetalingstid på 20 år. Teateret har sett av årleg beløp til prosjektet frå omframme løyvingar frå Stat og fylkeskommune. Desse har vore nytta til forprosjekt og til noko oppgradering. For 2020 er dette beløpet 4.7000.000 kroner. Når byggefasen er gjennomført skal dei årlige beløpa bli nytta til renter og avdrag på byggelånet. Teateret har kontrakt med Selskabet Den Gode Hensikt (DGH) på 20 år + 10 år opsjon. Nedbetalingstida på investeringa er berekna til 20 år. Prosjektet skal etter planen ferdigstillast hausten 2022. Revisjonsfirmaet Deloitte AS har koma med si juridiske vurdering av ein fylkeskommunal lånegaranti, noko det står meir om nede i saka.

Det Vestnorske Teateret LL. Eigarskap

Teateret er eit lutlag (aksjeselskap) og er eigd av:

Vestland fylkeskommune:	60 %
Vestlandske teatersenter:	20 %
Voksenopplæringsforbundet Vestland:	5 %
Hordaland mållag:	5 %
Hordaland ungdomslag:	5 %
Hordaland folkeakademi:	5 %

Tidlegare fylkeskommunale vedtak

Gjennom fleire år har det også vore uttrykt eit politisk ønskje om at Det Vestnorske Teateret skulle få sin hovudlokasjon i Bergen sentrum, med fleire fylkeskommunale vedtak og ekstraløyvingar knytt til ny lokalisering av teateret.

Då Hordaland fylkeskommune er største eigar i teateret, bad Det Vestnorske Teateret om at fylkeskommunen slutta seg til deira planar i form av politisk vedtak. Dette vart lagt fram i sak 77/2012 i Kultur- og ressursutvalet 21.08.2012 og i sak 192/2012 i Fylkesutvalet 28.08.2012.

Fylkesrådmannen gjorde i saka merksam på at Det Vestnorske Teateret er eit sjølvstendig aksjeselskap og at det er dette selskapet som må stå ansvarleg for evt. flytting til sentrum. Fylkeskommunen, som største aksjeeigar, kan stille seg positiv til desse planane på prinsipielt grunnlag, noko som vart tilrådd i vedtak.

Det vart ført til to tilleggspunkt i Kultur- og ressursutvalet si innstilling som vart vedteke i Fylkesutvalet august 2012:

1. *Fylkesutvalet støttar at Hordaland Teater arbeider for å flytte si verksemd til Bergen sentrum, eventuelt i samarbeid med andre aktørar. (Fylkesrådmannen si innstilling)*
2. *Hordaland fylkeskommune skal bidra aktivt i prosessen med å utgreie spørsmålet om ei eventuell flytting av Hordaland teater, herunder bistå i arbeidet med å finne ei alternativ lokalisering av teateret, både på kort og lang sikt.*
3. *Kultur- og ressursutvalet føreset at dei nye planane ikkje vil ha konsekvensar i forhold til vedtektene og føremålsparagraf for teateret, og vil eventuelt. handsame dette i eiga sak seinare.*

Det var viktig at teateret held fram med å ha fokus på å vere eit turnéteater og på produksjonar for barn og unge. Teateret har også visjonar om å verta ein del av eit evt. nynorsk kulturforum. Det vart tilrådd kr 200.000 i støtte gjennom Kulturelt utviklingsprogram 2012 til utgreiing av flytting av Det Vestnorske Teateret til Bergen sentrum, evt. som ein del av eit nynorsk kulturforum.

Kultur Vest sto her som prosjektansvarleg. Det har vore fleire interesserte samarbeidspartar, og det har vore sett på ulike lokaliseringalternativ, m.a. Tanks skole. Det vart ikkje gått konkret vidare med samarbeidspartnarar utanfor teatermiljøet i den siste fasen. Det er no eit meir etablert og tettare samarbeid mellom tidlegare Sogn og Fjordane teater, Det Norske Teater og Det Vestnorske Teateret. Det vert satsa i endå høgare grad på dramatikkk på vestlandsdialekt og nynorsk.

I Fylkesutvalet sitt møte den 31.10.2013 vart det løyvd midlar med følgjande vedtak:

Kultur- og ressursutvalet / Fylkesutvalet ser positivt på prosessen som er starta og Hordaland teater får ei ekstraløyving på kr 500.000 til forprosjekt. Dette skal dekke innleigd, ekstern, rett kompetanse til både å få på plass intensjonsavtaler og til gjennomføring av det prosjekteringsarbeidet som må gjerast før ein ev kan signere endelege driftsavtalar.

Gjennom avtaleprosessen og løyvinga som Det Vestnorske Teateret fekk i 2013, vart det leigd inn kompetanse for intensjonsavtaler og gjennomføring av prosjekteringsarbeid. Arkitektfirmaet Cubus vart engasjert til å utarbeide ei (avgrensa) mulighetstudie for bruken av Logen. Norconsult utarbeidde eit kostnadsoverslag for Logen basert på Cubus si studie. Lokalet vart oppført for og vert fortsett eigd av Selskabet Den Gode Hensigt.

I Fylkestinget sitt møte den 09.06.2015 politisk sak 52/2015 vart det fatta såleis samrøystes vedtak:

1. *Hordaland fylkeskommune er tilfreds med at Hordaland Teater no har funne ei formålstenleg løysing for å flytte si verksemd til Bergen sentrum.*
2. *Ein ber fylkesrådmannen om å kome attende til driftstilskot i samband med budsjettarbeidet.*
3. *Fylkestinget ber om at høva for ein fylkeskommunal lånegaranti til prosjektet vert utgreia.*
4. *Hordaland fylkeskommune må følgje opp staten i høve til auka finansiering av Hordaland Teater knytt til ny lokalisering.*

Juridisk vurdering

Deloitte AS har gjennomført ein juridisk vurdering (sjå vedlegg) for å klargjera om fylkeskommune har rettsleg høve til å stille garanti til teateret som planlagt. I revisjonen si vurdering vart det mellom anna kommentert at dersom fylkeskommunen skal kunne gje lånegaranti for Det Vestnorske Teateret LL sitt nybygg, er det eit krav gjennom kommunelova § 14-19 at verksemda ikkje skal drive «næringsverksemd» etter bestemmelsens forstand. For å verta definert som næringsverksemd, skal verksemda til dømes betala ut overskot til eigarane. Dette vert ikkje gjort jf. verksemda sitt formål, der formålet med verksemda er avgjerande i forhold til vurderinga av i kva grad næringsvilkåret i relasjonen til kommunelova er oppfylt. Eventuelt overskot i verksemda (til dømes utleige av lokale) skal gå attende til teaterverksemda. Frå teaterverksemda vert det heller ikkje utbetalt overskot.

I Deloitte sin uttale om lånegarantien må garantien bli avgrensa, både slik at den ikkje gjelder lengre enn tilbygget si levetid (ikkje overstige investeringsobjektet si levetid) og at den beløpssmessig blir avgrensa, konferer garantiforskriftens. Garantistillelsen må også godkjennast av Kommunal- og Moderniseringsdepartementet, jf. kommunelova § 14-19.

Etter Deloitte AS si vurdering kan Vestland fylkeskommune stille garanti for Det Vestnorske Teater LL sin låne forpliktning i samband med oppsetting av tilbygg på nye lokale i Logen utan at dette kjem i strid med kommunelova § 51 nr. 2.

Garantirisiko

Vestland fylkeskommune er største eigar i Det Vestnorske Teateret. Ein garanti frå fylkeskommunen vil gje betre lånevilkår for teateret. Garantien frigjer på denne måten midlar som kan nyttast i teaterdrifta.

På den andre sida medfører garantistilling risiko for at fylkeskommunen må innfri selskapet si gjeld om drifta over tid ikkje er i balanse.

Ut frå vedtaka som er gjort i denne saka tidlegare, vil fylkesrådmannen trass i risikomoment tilrå at Det Vestnorske Teateret får garanti.

Vedtakskompetanse

Avgjerdsmynde til å gje lånegaranti er ikkje delegert. Avgjerdsmynde ligg såleis hjå Fylkestinget.

Vurderingar og verknader

Økonomi: Det Vestnorske Teateret LL søker om ein lånegaranti på kr. 70 millionar.

Klima: Byggmateriale som er oppgitt er 100% resirkulerbart og energisparande i bruk.

Folkehelse: Formidling av kunst- og kulturuttrykk og aktivitetar er tiltak som kan fremme folkehelse generelt, og gjerne spesielt ved å skapa framsyningar for barn og unge.

Regional planstrategi: I regional kulturplan PREMISS:KULTUR er Det Vestnorske Teateret LL (tidlegare Hordaland Teater LL) ein viktig reiskap for å iverksetje den nynorske kulturstrategien. Er såleis i samsvar med regional planstrategi.

Konklusjon

Fylkesrådmannen tilrå at Det Vestnorske Teateret LL får innvilga lånegaranti til nybygg. Ferdigstilling av nybygget er sett til 2022. Plan på nedbetaling er sett til 20 år etter ferdigstilling. Lånegarantien vil difor gjelde ut 2042.